

Høringsuttalelse frå elevrådet ved Todalen og Stangvik oppvekstsenter

Å måtte flytte til Subus – korleis trur de det hadde blitt å gå på ein mykje større skule?

- Meir bråkete i timane fordi det er fleire i klasserommet
- Bra: møter fleire vi kjenner for eksempel frå fritidsaktivitetar
- Mange ute i friminuttet, vanskeleg å finne vennene sine
- Eldre elever har friminutt anna tid, vanskeleg å være saman på tvers av trinna. På vår skule er alle saman på tvers av trinn.
- Frykter meir mobbing
- Kanskje enklare å få venner, fleire å spele på
- Folksamt, uro i klassane
- Vanskeleg å bli kjend med alle like godt
- Alle i klassen får ikkje hjelp når de treng det
- Ikkje alle får bli med på leik, kan bli meir utestenging
- Viss det blir for trengt og for mykje elevar på SUBUS, må dei bruke «dei artige romma» eks musikkrom, kunst og handverk-rom osv. til klasserom pga. plassmangel. Og det øydelegg store deler av skulekvardagen for mange.

Å få lang skuleveg – kva synest de om å bruke meir tid på buss eller i bil?

- Kan sitte med venane sine på bussen
- Liker ikkje å køyre så langt med buss
- Det blir ca 15 minutt lengre med buss kvar veg, i tillegg må vi vente ein halvtime på skulen om morgonen, og ein time om ettermiddagen. Dette er 2 timar **meir** kvar dag, enn det vi har i dag.
- Kan bli bilsjuk
- Det er så langt frå Todalen
- Kan bli mykje venting
- Blir ein alt for lang skuleveg
- Blir dyrare med skyss for både kommunen og foreldra, sidan mange foreldre kan da velje å køyre borna sine sjølv

Skulen som møteplass – kva betyr det for dykk å ha skule nært der de bur?

- Møtes på skulen utanom skuletida
- Lettare å bli kjent med barn som bur i nærheita
- Får venner i Surnadal, så er det kanskje den eine venen man har, så bur dei kanskje så langt unna, så må man køyre langt for å møte dei.
- Redd for at folk vil flytte fra grendene fordi dei ikkje har skule i nærheita.
- Når vi bur her kjem vi i klasse med vennane våre, i Surnadal kjem vi kanskje med berre folk vi ikkje kjenner.

Lærartid – kva betyr det for dykk at læraren har tid til kvar elev?

- Det er dårleg viss lærarane får dårlegare tid, fordi da kan vi ikkje finne på så mykje morosame, annleis ting
- Det blir for mange elevar på SFO, mindre tid til elevane der og
- Får meir og oftare hjelp
- Lettare her for læraren å sjå alle elevane.

Korleis hadde det vore om heile småtrinnet (1.–4.) kan bli i same klasse – i staden for berre 3.–4. som no.

- Kanskje for mange elevar i klassen
- Blir for mykje bråk i klasserommet
- Må ha stort rom, det er for trangt
- 1. klasse lærer heilt anna ting, for eksempel 1+1. Vanskelegare ting vi lærer i 3-4. klasse
- Blir som ein høneflokk

Leirskulen – kva om kommunen vil spare pengar ved å kutte eller endre på leirskulen?

- Vil ikkje på ein plass vi allereie har vore før, vil oppleve noko nytt.

- Kanskje alle har vore der frå før om det er i Surnadal kommune.
- Har gledd seg lenge, blir skuffa om det ikkje blir.
- Klassane over har snakka om korleis det er der, og kor bra dei har hatt det.

Andre fordeler:

- Viktig med grendaskule fordi da er det mogleg å bytte skule om det er behov for det.
- Trygt og godt når det er litt mindre skule
- Mindre sjans for mobbing
- Trygg overgang frå barnehage til 1. klasse for dei er kjend med både bygget og læraren dei skal ha gjennom førskuleklubb. Unik moglegheit til samarbeid.
-